



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
19.11.2018
Dykkar dato
23.10.2018

Vår referanse
2018/13316 421.3
Dykkar referanse
18/2943

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Uttale til dispensasjon til arealoverføring frå gnr. 56 bnr. 10 til gnr. 56 bnr. 47, Hundvin, Lindås kommune.

Vi viser til brev frå kommunen datert 23.10.18, med frist for uttale 20.11.18. Saka gjeld søknad om arealoverføring av eit areal på om lag 300 m² frå gnr. 56 bnr. 10 til fritidseigedomen gnr. 56 bnr. 47.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som fritidsføremål. Arealet ligg er plassert i strid med byggjegrensa mot sjø. Arealoverføringa krev at det vert gitt dispensasjon frå det generelle plankravet i føresegn 1.1 og byggjegrensa mot sjø.

Fylkesmannen si vurdering

Ved arealoverføring som omsøkt vil fritidseigedomen strekkje seg heilt ned til sjøkanten. Slik vi ser det kan dette føre til auka privatisering av strandsona, sidan område vil bli eit naturleg hageområde for fritidsbustaden. Fylkesmannen meiner dette er uheldig og at det bør ikkje gjevast dispensasjon til arealoverføring i denne saka.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.